



## OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet

**Møtestad:** Vanylven Rådhus – Kommunestyresalen.

**Dato:** 16.06.2020

**Møtet tok til:** 13:00

**Møtet slutta:** 14.45

Møtet var innkalla ved utsendt sakliste og sakene var tilgjengeleg på kontrollutvalet si heimeside.

— Paul Sindre Vedeld leia møtet.

### Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Paul Sindre Vedeld	Leiar.
Lasse Rindal	Nestleiar
Laila Haugen	Medlem.
Evelyn Midtbø	Medlem
Harry Hansen	Medlem

### Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn
------

### Varamedlemar som møtte:

Namn
------

### Frå Vest Kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor finansiell revisjon.

### Frå administrasjonen / politisk hald møte:

Namn	Stilling
Lena Landsverk Sande	Ordførar. Ikkje i sak 24.
Hallvard Takset	Økonomisjef. I sak 25/20.

**Underskrifter:**

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

Paul Sindre Vedeld \ Leiar

---

Evelyn Midtbø

**SAKLISTE**

- SAK 20/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 21/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 22/20 MELDINGAR
- SAK 23/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 24/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019
- SAK 25/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019
- SAK 26/20 YTRINGAR I ULIKE MEDIA

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/20	033	03.06.2020	16.06.2020	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene vert å ta i denne rekkefølge: 20, 21,25,23,26 og 24.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Evelyn Midtbø.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/20	049	03.06.2020	16.06.2020	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 19.05.2020.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 19.05.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/20	033&17	09.06.2020	16.06.2020	KS/JS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### Vedlegg

1. Dokument frå Vanylven kommune. «Årsmelding og rekneskap 2019 for skatteoppkrevjaren i Vanylven». Datert 02.06.2020
2. Frå bladet kommunal økonomi nr. 5 mai 2020. «Kommunelovens krav til økonomisk bærekraft – hvordan ivaretar kommuneregnskapet en måling av økonomisk bærekraft».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/20	033&58	03.06.2020	16.06.2020	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

## Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Vanylven kommune si heimeside -

<https://innsyn.vanylven.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:

Driftsutvalet: 09.03 **25.05**

Eldrerådet: 05.02 **19.05**

Formannskapet: 20.04 **11.05**

Kommunestyret: 27.04 **18.05**

Livsløputvalet: 10.03 **26.05**

Råd for funksjonshemma: 06.02 **19.05**

Ungdomsrådet: 21.01 **19.05**

Valstyret:

Vanylven Utvikling AS

Vest Kontroll tek med protokollar til møtet

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
<b>24/20</b>	216	10.06.2020	15.06.2020	JS

## REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019

### Samrøystes vedtak

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende i dag, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2019.

### I møtet:

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommunelova § 31, nr. 5, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Møtet vart opna igjen etter revisor sin gjennomgang.

Vedtaket vart gjort i ope møte.

### Vedlegg:

Statusoversikt og kontroll for 2019. **Unnateke offentleg innsyn jf. Offentleglova § 24 1.**

Konklusjon 2019. **Unnateke offentleg innsyn jf. Offentleglova § 24 1.**

## Saksopplysingar

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova frå 1992 § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet sin oppgave er utdjupa i kontrollutvalgsforskrifta som var heimla i kommunelova frå 1992 (1994) § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

I Kommunelova av 2018 § 23-3 a står det: «Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

I Forskrift om kontrollutval og revisjon (2019):

«§ 3. Kontrollutvalgets oppgåaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruks og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under finn ein kva som er gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.  
*Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Kvalifikasjonskrav og praksis er dermed følgd opp.*
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg.

*Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Vandelsattest er nødvendig for å få registrering.*

3. Dokumentasjon av revisors uavhengighet.  
*Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.*
4. Generelt om revisors uavhengighet og objektivitet.  
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.  
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengighet fortløpande og rapporterer om eventuelle endringar.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.  
*Kontrollutvalet sin kunnskap til kva revisjonsarbeidet omfattar er opparbeida gjennom utdanning, yrkeserfaring, erfaring med revisjonseiningar. Likeeins gjennom skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen, m.a. i høve godkjenning av planleggingsdokumentet datert 24.09.2019, sak 29/19. Kvalitetskontroll frå Norges kommunerevisorforbund seier oss noko om kvaliteten p arbeidet som revisjonen utfører. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016. Godkjent resultat vart formidla til kontrollutvalet som melding.  
I tillegg ligg det føre for kontrollutvalet, jf. vedlegg til saka, Statusoversikt og kontroll for 2019 , og konklusjon Dette dokumentet er unnateke offentleg innsyn, jf. Offl. § 24, 1. lekk).  
Desse dokumenta omhandlar oversikt over revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon.*

*Oppsummert:*

Ut frå dei opplysningane som ligg føre i dag er det ikkje grunnlag for å kunne konkludere at det finst vesentlege feil eller manglar utover revisjonen si vesentlegheitsgrense på ca. kr 2.8 mill.

I revisjonsmeldinga er det verken atterhald eller presisering. Revisor informerer likevel slik i si revisjonsmelding for 2019:

1. Balansen og note vedkommande pensjonskostnadar viser eit premieavvik. Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnadar og inga reell fordring.
2. Beløpa i årsrekneskapan er rimeleg i samsvar med regulert budsjett, men viser avvik på fleire rammeområde. Avviket er gjort greie for i årsmeldinga.

Årsrekneskapan kan leggjast fram slik den ligg føre.

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet  
*Gjeldande lov og forskrifter har vorte lagt til grunn. Avtale er inngått, og gjeld frå 01.01.2015.*
7. Revisjonsstrategi/planlegging.  
*Revisor har utarbeida revisjonsplanlegging for 2019. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 24/19.*
8. Nummerert brev. RF § 4  
*Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2019.*
9. Mislegheiter. RF § 3, RF § 4, KF § 8  
*Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om direkte mislegheiter i 2019.*
10. Revisjonsmeldinga. RF § 5  
*Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 04.06.2020.*
11. Revisor sin møteplikt og møterett. RF § 19, KF § 19.  
*Revisor har følgd sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.*
12. Revisor sin opplysningsplikt. RF § 20.  
*Det er ikkje grunn til å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.*

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedat20</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
25/20	212	08.06.2020	16.06.2019	JSa

## KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSRAPPORT 2019 VANYLVEN KOMMUNE

### Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 04.06.2020.
2. Kontrollutvalet meiner at Vanylven Kommune sin årsrekneskap kan godkjennast.

Årsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat (underskot) på kr 16 399 034  
og eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) på kr 605 985

Årsrekneskapen er sett saman av:

- ✓ balanse per 31.12.2019
- ✓ driftsrekneskap
- ✓ investeringsrekneskap og økonomiske oversikter
- ✓ notar

### I møtet

Økonomisjef Hallvard Takset orienterte og svara på spørsmål.  
Han tok fram flg. som kommunen har eit forbettringspotensiale:

- Inventarprotokoll/oversikt
- Prosjektoppfølgning
- Sjukepengerefusjon
- Utleigebustader
- Oppfølging vedkomande bebruarane i Utsikta sin egne midlar

### Vedlegg

- |   |                    |
|---|--------------------|
| 1. Revisjonsmelding datert 04.06.2020.        | Motteke 05.06.2020 |
| 2. Rekneskap 2019, ikkje datert eller signert | Motteke 05.06.2020 |
| 3. Årsmelding frå rådmannen, ikkje datert     | Motteke 05.06.2020 |

### Saksopplysningar

Viser til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding for 2019.

Revisor og rådmann og/eller økonomileiar deltek på møtet.

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk er økonomisk resultat slik det kjem fram etter avsetningar og bruk av fondsmidlar. Det er **netto driftsresultat** er det mest brukte nøkkeltalet for vurdering av det økonomiske resultatet i ei kommune.

	2019	2018
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-16 mill</b>	<b>+15,8 mill</b>

Rekneskapen for 2019 er godskrive med kr 2,5 mill som gjeld aksjeutbytte motteke frå Tussa kraft AS.

Driftsrekneskapen viser at kommunen totalt har hatt til fordeling drift	kr 229 812 116
Sum fordelt drift Til fordeling på sektorane	kr 233 718 080

## Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

- ❖ Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gjev per 31.12.2019 ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og
- ❖ av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- ❖ Dei disposisjonane som ligg til grunn for årsrekneskapet er i det alt vesentlege i samsvar med budsjettvedtak og budsjettbeløpa i årsrekneskapet stemmer med regulert budsjett.
- ❖ Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.  
Leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.
- ❖ Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald eller presiseringar. Revisor informerer likevel dette i revisjonsmeldinga (sjå vårt vedlegg 1 nede på side 2):
  1. Balansen og note om pensjonskostnadar viser eit premieavvik. Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnadar og inga reell fordring.
  2. Beløpa i årsrekneskapen er rimeleg i samsvar med regulert budsjett, men viser avvik på fleire rammeområde. Avviket er gjort greie for i årsmeldinga.

## Årsrekneskapen

- ✓ Obligatoriske skjema:
  - Rekneskapskjema 1A Driftsrekneskapen finn ein i vedlegg 1 (ikkje sidenummerert) på første sida etter innhaldsoversikta i reknekapsdokumentet «Rekneskap 2019», vedlegg 2 i denne saksutgreiinga)
  - Rekneskapskjema 2A Investeringsrekneskapen finst i vedlegg 3 på 3. sida etter innhaldsoversikta i vårt vedlegg 2 i «Rekneskap 2019».
- ✓ Notane, nr 1- 24, er på sidenr. 1 - 16 litt ute i årsrekneskapsdokumentet.
- ✓ Resultatgrad og resultatutvikling

Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter utgjer i 2019	-4,7%
Ettersom driftsresultatet er negativt blir sjølvsagt dette forholdstalet også negativt.	
Måltal tilrådd frå	
Teknisk Berekningsutval er på	+1,75%

Netto driftsresultat i % av driftsinntektene er negativt i 2019, men har vore over målet på 1,75% i perioden 2016-2018, sjå side 5 i årsrapporten. I 2018 var dette nøkkeltalet på heile 4,5% og i 2016 5,1%. Dette er svært bra.



✓ Lånegjeld

Langsiktig gjeld ex. pensjonsforpliktingar utgjer kr 253 354 473 ved utgangen av året, sjå vedlegg 5 i rekneskapsdokumentet «Rekneskap 2019»

Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter utgjer for Vanylven i 2019	78,8%
« « « « « « 2018	72,7%
« « « « « for Volda i 2019	144%
« « « « « « Hareid «	117%
« « « « « « M & R «	112%

Denne prosentsetsatsen viser tydeleg auke frå 2018 til 2019. Nøkkeltalet/prosentsatsen er likevel vesentleg lågare enn alle nabo-kommunane, der denne prosentsetsatsen er over 100. Desse kommunane har såleis ei lånegjeld som er høgare enn driftsinntektene i 2019. For Vanylven sin del er lånegjelda lågare enn driftsinntektene, noko som er positivt.

Ettersom Vanylven har lågare lånegjeld i forhold til driftsinntektene enn mange andre kommunar, går ein mindre del av midlane med til å dekke renter og avdrag.

Lånegjeld pr. innbyggjar i Vanylven ved utgangen av 2018	kr 78 104
« « « « « « 2019	kr 81 281
« « « Sande « « «	kr 103 455
« « « Volda « « «	kr 145 022
« « « Hareid « « «	kr 98 497
« « « Vågsøy « « «	kr 117 388
« « « Eid « « «	kr 114 716
« « « Selje	kr 92 000
« « « gjennomsnitt i Sogn og Fjordane	kr 97 930
« « « landsgjennomsnittet ex. Oslo	kr 72 360

Som vi ser har Vanylven Kommune ei lånegjeld pr innbyggjar som er betrakteleg lågare enn kommunane rundt. Det er bra.

✓ Meir/mindreforbruk for bruk i forhold til budsjett

Meir/mindreforbruk framkjem i driftsrekneskap for dei enkelte sektorane frå sidene 1-53 i vedlegg 2 og kommentarar frå kommunalsjefar og oversikter frå side 6-19 i årsmeldinga.

Det største avviket mellom budsjett og forbruk kjem fram på helse- og omsorgstenestene. Rådmannen informerer i si årsmelding om at det høge meirforbruket i denne sektoren i 2019 kjem hovudsakleg av for høgt og feilaktig budsjettert tilskot til resursskrevande brukarar. Overforbruket på helse og omsorgssektoren utgjer **16,4 mill.**, jfr. side 17 i årsmeldinga. Dette er på same storleik som kommunen sit underskot i 2019. Kommunen synest å ha ryggrad til å tåle underskotet i 2019. Men rådmannen peikar på at reduksjon i tilskot også vil ha stor verknad for 2020 og åra framover. Eventuelle underskot i åra som kjem vil tære på eigenkapitalen og kommunen si evne til å yte gode tenester. På sikt kan ein dårleg økonomi føre kommunen inn i Robek.

## Årsrapport

	2019	2018	2016
✓ Vi gjer merksam på det høge sjukefråværet sjå side 5 i årsrapporten Kommunen sitt mål er å ligg på	7,98% 7% eller lågare.	7,96%	8,18%

Det er store variasjonar i sjukefråværet innan dei ulike sektorane. Frå 3% i teknisk sektor til 11,5% i sektor for stab, sjå årsmeldinga side 5-19.

✓ Vidare vil vi peike på den negative folketalsutviklinga. Folketal ved utgangen av sjå side 5 i årsrapporten	2019 3 117	2018 3 163	2016 3 256
---	---------------	---------------	---------------

Dette utgjer ein reduksjon på 4,5% i perioden.

- ✓ Årsrapporten inneheld mykje interessant informasjon, er informativ og er svært flott presentert.

## Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald eller presiseringar, men to opplysningar, om premieavvik og budsjettavvik.
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift
- og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019 og
- resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Utanom tilleggsinformasjonen har revisjonen ingen merknadar til den framlagde rekneskapen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/20	047	10.06.2020	16.06.2020	JS/KK

## YTRINGAR I ULIKE MEDIA

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek saksframstillinga til vitende.

### I møtet

Det vart reist spørsmål om Lasse Rindal var inhabil i sak, då han hadde skrive facebook-innlegget. Jf. under saksopplysningar.

Rindal gjorde greie for kva han meinte vedkomande sin habilitet. Han meinte ikkje å vere inhabil. Han beklaga innlegge og sa han burde tenkt set betre om før det vart publisert.

Rindal gikk frå ved vurdering om han var inhabil eller ikkje.

Kontrollutvalet kjende Rindal inhabil. Jf. forvaltningslova § 6 2. lekk Andre særeigne forhold.

Lasse Rindal gikk frå før drøftinga tok til.

Ordføreren las opp det facebookmeldinga på «Bygd Åheim» (anonym side) som Rindal sitt innlegg var eit svar på.

### **Saksopplysningar**

Under kontrollutvalet sitt møte den 19.05.2020 vart det opplyst at eit medlem på Facebook hadde sett fram kritikk mot ordføreren. Det vart reist spørsmål om dette er greit og kvar grensene går for slike og liknande uttalar i media.

Innlegget på Facebook var slik:

«Det er trist å lese innlegget frå ein anonym innsendar på facebook Bygd Åheim. DET ER SLIKE INNLEGG SOM SKAPER BYGDASTRID Vi har gjennom fleire 10 år prøvd å viske ut denne striden som vart etter kommune-reforma på 60 talet. Den siste tida har den blussa opp igjen. Den politiske leinga må dessverre ta mykje av skulda for det, og då med orf. Lena Landsverk Sande i spissen. Arbeiderpartiet gikk til val på 1 - 7 skule på Åheim , Syvde og Fiskå til liks med alle dei andre partia. I innlegget frå ein anonym skrivar på Bygd Åheim, får Ottar Jan rett å slett sjikane for at han arbeider for saka. Ottar Jan får full støtte for den hanteringa han har gjort i skule saka. Arbeiderpartiet er eit seriøst parti og følger opp valprogrammet. Dessverre har Orf Lena Landsverk Sande prøvd ved fleire anledningar å trenere skulebygginga på Fiskå. Det siste å ved trekke saka frå kommunestyremøte 19. mai, etter at ho vart stemnt ned i Formannskasmøte 10 mai. DERFOR ER DET IKKJE TILLIT LENGERE. FISKÅ TRENG SKULE NO Den største skulekrinsen i Vanylven 1 - 7 NO må bygda støtte opp om skulesaka. Lasse Rindal»

**Utgangspunktet** er at ein kvar har rett til å ytre seg om sine egne meiningar. Dette er ein rett som følgjer direkte av Grunnlova § 100 og som står sterkt i samfunnet. Mest kjend er lovsitatet: «Ytringsfrihet bør finne sted.....Frimodige ytringer om statsstyret og hvilken som helst annen gjenstand er tillatt for enhver». Ytringsfriheten er også slått fast i Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) Art. 10.

Men ytringsfriheten har sine grenser. Mellom anna gir den ingen rett til å bryte lojaliteten til for eksempel sin eigen arbeidsgivar. Om ein har verv som folkevald vil tilsvarande kunne gjelde.

Ein parallell, som ikkje kan samanliknast med faglege og politiske ytringar som er verna av ytringsfriheten, er retten til å varsle om kritikkverdige tilhøve ved ei verksemd, jfr. arbeidsmiljølova kap. 2A, utan å måtte risikere gjengjelding. Vi går ikkje nærare inn på dette. Det vil måtte respekterast at aktørane i offentleg forvaltning har krav på å kunne uttale seg privat og gi til kjenne eit privat syn som ikkje alltid fell saman med arbeidsgivar eller fleirtalet i det organet vedkomande er ein del av, for eksempel kontrollutvalet. Dersom ein hevdar at ein uttale ikkje var sett fram i eigenskap av medlem av utvalet, men som privatperson, vil det ofte vere avgjerande korleis og når uttalen fall og korleis synspunkta vart presentert.

Fagleg eller politisk usemje mellom, eller i høve til, folkevalde er uproblematisk og vert til vanleg akseptert. Det same gjeld at nokon viser eit privat engasjement i ei sak. Folkevalde har nemleg svært vide høve til å gi uttrykk for politiske standpunkt, for eksempel i media, utan å bli inhabil til å behandle saker om det same temaet.

**Sivilombudsmannen** behandla i oktober 2019 ei klage frå ein lærar. Ho hadde fått skriftleg åtvaring frå kommunen fordi ho hadde skrive i kommentarfeltet under eit innlegg på Facebook. Kommunen meinte at ho hadde handla i strid med dei forventningane ein må kunne stille til ein lærar i grunnskulen. Ombudsmannen meinte imidlertid at ytringa var verna av ytringsfriheten. Den var heller ikkje i strid med den ulovfesta lojalitetsplikta for arbeidstakarar. Det vart lagt vekt på at kommentaren vart skriven i læraren si fritid. Kommunen måtte trekkje åtvaringa attende.

I uttalen skriv Sivilombodsmannen m.a.:

*«Ytringsfrihetens kjerne er å verne ytringer i det offentlige ordskiftet, selv om ytringsfriheten fremmer synspunkter som avviker fra det som for mange er sosialt akseptabelt»*

I sakstilfellet som vart nemnd for kontrollutvalet vert det lagt til grunn at Facebook-innlegget var ein uttale frå vedkomande i eigenskap av privatperson. Det vil heller ikkje vere naturleg at enkeltmedlemer uttalar seg på vegne av utvalet, men overlet det til leiaren som oftast er utvalet sin talsperson.

I dette tilfelle gjekk kritikken mot ordføraren. Sjølv om også ein ordførar i prinsippet er underlagd utvalet sin kontroll, så vil eventuell kritikk på vegne av kontrollutvalet måtte forankrast i det samla utvalet.

### **Konklusjon**

Konkrete innlegg eller ytringar vil alltid kunne vurderast nærare opp mot grensene for ytringsfriheten og spørsmålet om lojalitet. Det same gjeld også tilhøvet til reglane for habilitet dersom uttalane er knytte til ei sak eller saksfelt.

Noko anna er moralen og etikken i kva medlemer av kontrollutvalet som privatpersonar tek fram i media og kva konsekvensar slikt kan ha for utvalet sin status og kommunestyret og innbyggjarane sin tillit til kontrollorganet. Uttalar med åtak på person kan og gjere at kommunen, og kanskje urettmessig, får dårleg omdøme. Dårleg omdøme er det Vanylven kommune ikkje treng no. Eit dårleg omdøme treng lang tid for å reparerast.

**Møtet slutt.**

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.